



For tilsette i Fjord kommune

Tiltak for å redusere smitterisiko for tilsette

- Hald ein meter avstand til kollega og andre. Der dette ikkje er muleg føl ein eininga sine retningsliner
- Vask hend grundig og ofte, og sørg for god hostehygiene
- Har du symptom på luftvegsinfeksjon, bør du testast og halde deg heime til du har fått negativt prøvesvar og er symptomfri.
 - Resultat på prøve finn du her (<https://helsenorge.no/om-min-helse/provesvar>)
- Er nokon i husstanden sjuk, kan du møte på jobb som vanleg (gjeld også helsepersonell).
 - Er nokon i husstanden smitta av Covid-19 og satt i isolasjon, skal du og resten av husstanden vere i karantene til den sjuke ikkje lenger er isolert.
- Interne og eksterne møter skal fortrinnsvis gjennomførast digitalt. Ved bruk av møterom skal møteleiar sørgje for ein meter avstand mellom deltakarane og etterkome dei reglar som er gjeldande for det aktuelle møterommet (plakat på dør eller bord).
- Du må rekne med nye oppgåver og at du må bidra der kommunen har behov.

Tenestereise

- Fjord kommune ønskjer at tilsette unngår tenestereise utanfor fylket i tida framover
 - Tenestereiser utanfor fylket skal vere godkjent i forkant av einingsleiar.
- Ingen tilsette skal reise på tenestereise til UTLANDET

Fritidsreise

- Helsepersonell og andre med pasientnært arbeid, sjå informasjon i link <https://www.fjord.kommune.no/koronaviruset/informasjon-til-tilsette-i-helse-og-omsorg/>
- Tilsette som bestiller tur eller på anna måte reiser til land eller område som gir karanteneplikt ved heimkomst, får **ikkje** lønn for fråvær frå jobb på grunn av pålagt karantene. Dette gjeld **ALLE** tilsette i Fjord kommune og vil også vere gjeldande om reiseråda frå Utanriksdepartementet eller kommunen har blitt endra etter bestilling/utreise.
- Sjå <https://www.fjord.kommune.no/koronaviruset/reiserad/> på kva områder i Noreg som er spesielt smitteutsatt.

Karantene

- Arbeidstakar som må i karantene, må kontakte næraste leiar for å diskutere praktiske ordningar for å kunne utføre arbeid i karanteneperioden.
- Alle tilsette som har BERBAR PC tar denne med heim etter arbeidsdag slutt i tilfelle du må arbeide heime påfølgjande dag.